



Studieplan - Fagkurs i samfunnsentreprenørskap 10 studiepoeng

Leverandør: Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB)¹

Innhold

Innleiing	2
Fagleg forankring ved HLB	2
Undervisningsteam	2
Prosjektleiar.....	3
Prosjektmedarbeidarar/Medforelesarar	3
Læringsmål	4
Fagleg utgangspunkt for kurset: det å kunna ta aktive grep for å forma den positive framtida.	4
1. Ressursgrunnlaget.....	5
2. Det nyskapande lokalsamfunnet	5
3. Aktørar og prosessar i lokalsamfunnsutvikling med spesiell vekt på kommunen som utviklingsaktør.....	6
Elektronisk læringsplattform.....	6
Omfang.....	6
Opptak	6
Evaluering/eksamen	7
Kursprov.....	7
Pensum	7
Støttelitteratur	8

¹ Heimeside: www.hlb.no

Innleiing

Fagkurs i samfunnsentreprenørskap er utvikla for å svara på den regionale partnarskapen i Hordaland sitt ønskje om å ”styrkja kommunane og fyrstelinetenesta si merksemd på og kunnskap om breiare lokal mobilisering og kollektive utviklingsprosessar”. Gjennom ei slik styrking ønskjer ein også ”å auke den lokale vekstkrafta” i Hordaland.

Høgskulen for Landbruk og Bygdenæringer (HLB) har teke utgangspunkt i desse to målsetjingane, og bygd opp kurset som ein modul med 10 studiepoeng der fokus ligg på identifikasjon og foredling av lokale ressursar (kunnskap, natur, kultur) kombinert med lokal medverknad og mobilisering. Sentrale spørsmål i kurset vert difor:

- Kva er ressursgrunnlaget vårt?
- Kven er dei potensielle aktørane i vidareforedling av dette?
- Korleis kan me samarbeida breitt i denne vidareforedlinga – og kva rolle kan kommunen spela?

Fagleg forankring ved HLB

HLB er ein offentleg godkjend privat høgskule som driv forsking og utvikling samt tilbyr fleksible høgskulestudiar med fokus på landbruk, nærings- og lokalsamfunnsutvikling. Høgskulen ligg i Rogaland Landbrukspark på Særheim i Klepp kommune, eit av landets fremste kompetansesenter for landbruk. Høgskulen er organisert som eit andelslag, og er eigd av regionale forvaltingsaktørar samt bedrifter og organisasjonar i landbruket, lokalt og regionalt. HLB sin visjon er å vera ein sentral kunnskapsleverandør for levande og livskraftige lokalsamfunn. HLB har som mål å vera Noregs fremste kunnskapsmiljø for bygde- og lokalsamfunnsutvikling.

Fagleg innhald og studiepoeng i Fagkurs for samfunnsentreprenørskap er henta frå HLB sitt årsstudium i Nyskaping (60 stp) og Bachelorstudium i bygdeutvikling (180 stp). Både studiar er akkrediterte av NOKUT/Kunnskapsdepartementet. Desse to studietilboda er unike i Skandinavia, og er retta spesielt inn mot det å kunna nytta lokal kunnskap og natur- og kulturbaserte ressursar på nye måtar.

Kollektive utviklingsprosessar og nettverksbygging er store og viktige tema ved all undervisning ved HLB, og fagmiljøet har utvikla ein eigen modell for brei lokal mobilisering. Studentane som tek Fagkurs i samfunnsentreprenørskap vil få ei innføring i denne.

HLB har eit sterkt og breitt fagmiljø rundt lokal samfunnsutvikling og entreprenørskap. Dette miljøet har internasjonal tyngde, men er likevel tydeleg forankra i Vestlandet som region. Teamet som skal gjennomføra kurset kjenner og svært godt til Hordaland og dei potensial og utfordringar som er knytt til lokalsamfunnsutvikling og entreprenørskap her.

Undervisningsteam

Når det gjeld lokal ressursidentifikasjon og endogene (nedanfrå-og-opp) utviklingsprosessar med brei kollektiv medverknad har HLB eit fagmiljø med høgt internasjonalt nivå. Dette miljøet har vore og er involvert i ei rekke pågåande nasjonale og internasjonale fou-satsingar

rundt nyvinnande stad- og næringsutvikling. Erfaringar og kunnskap frå dette arbeidet vil koma kursdeltakarar til gode.

Følgjande team – samansett av fagpersonar som alle er involverte i HLB si bachelorutdanning i bygdeutvikling – vil bli nytta i gjennomføringa av kurset:

Prosjektleiar

Rektor dr.philos. Dag Jørund Lønning. Lønning er sosialantropolog/prosessfilosof med ein dr. philos – grad om nyskaping i bygdemiljø. Han har ei lang rekke publikasjonar bak seg om lokalsamfunns- og bygdeutvikling, og har arbeidd med fou rundt denne problematikken i 15 år. Han har utvikla fleire praktiske lokalsamfunns- og bygdeutviklingsmodellar som er i aktiv bruk både i inn- og utland. Lønning er frå Stord, og kjenner Hordaland særskilt godt – også gjennom forskings- og prosjektleiararbeid i fylket.

Lønning er ein mykje nytta innleiar og foredragshaldar både nasjonalt og internasjonalt, og har brei institusjons-, prosjekt- og teamleiarerfaring.

Prosjektmedarbeidarar/Medforelesarar

Førsteamanuensis i bygdeutvikling ved HLB, dr. Rhys Evans. Evans er dr. i kulturgeografi. Han kom til HLB i 2010. Før dette arbeidde han i mange år med identifikasjon og utvikling av rurale ressursar i Storbritannia. Evans har vore med og utvikla modellen ”Asset based rural development”, m.a. med fokus på å kunna omgjera lokale materielle og immaterielle ressursar til økonomiske verdiar.

Høgskulelektor/førstelektor² i rural økonomi ved HLB, Johan Barstad. Barstad er utdanna økonom og samfunnsplanleggar. Han har lang erfaring med forsking og utvikling rundt lokal og regional planlegging og forvalting, og har også brei bakgrunn når det gjeld evaluering og vurdering av offentlege verkemiddel.

Førsteamanuensis II i bygdeutvikling ved HLB, dr. Eli Janette Fosso. Fosso har lang undervisnings-, forskings- og leiarerfaring frå Institutt for geografi ved Universitetet i Bergen, der ho fram til 2008 arbeidde med mange tema og problemstillingar knytt til bygde- og lokalsamfunnsutvikling. Frå 2008 har ho vore seniorrådgjevar ved FMLA Hordaland med spesielt ansvar for lokalt utviklingsarbeid.

Professor II i bygdeutvikling ved HLB, Håvard Teigen. Teigen er bygde-/regionalforskar med særleg vekt på regionaløkonomi og distriktpolitikk. Han er siviløkonom frå NHH, men også historikar. Han har hatt forskingsoppgåver for departement, kommunar og private aktørar og har skrive lærebok i Regional økonomi og politikk. Håvard Teigen har særleg ekspertise på kommunen som utviklingsaktør.

Andre forelesarar frå HLB kan bli aktuelle.

² Ein kompetansekommisjon skal i løpet av sommar/tidleg haust vurdera om Johan Barstad sin faglege produksjon til no tilsvarar førstekompetanse (førstelektor).

Læringsmål

Studiet skal gje opplæring grunnleggjande innføring i *utviklingskompetanse*.

Utviklingskompetanse er gjort til offisielt lærermål ved HLB og gjennomsyrar alle studietilboda våre. Utviklingskompetanse dreier seg om å kunna identifisera nyskapings- og handlingsrom både hos ein sjølv og i eigne omgivnader, og er ein kunnskapsmodell som heile tida søker å gjera teori relevant for praktisk handling.

I praksis handlar dette gjerne om å læra opp ei evne til å kunna sjå det nye og potensielle i lokalsamfunnet sine ressursar (sjå det eksisterande med nye auge), kunna identifisera ressursane og vidareutvikla desse som enkeltaktør og/eller i nettverk saman med andre.

Oppbygging av utviklingskompetanse er såleis ei overordna målsetjing med kunnskapsformidling i kurset. Student/kursdeltakar skal få grunnleggjande kunnskap om

- a) identifisering og vidareutvikling av lokale/regionale ressursar (kunnskap, natur, kultur),
- b) nyskaping og korleis slik aktivitet kan stimulerast og støttast,
- c) strategiar, modellar og suksessfaktorar i lokal/regional samskaping og mobilisering (med vekt på kommunen si rolle).

Alle tema vil vera bygde opp som eit samspel mellom relevant teori og konkrete strategiar og metodar for lokal mobilisering og stad/næringsutvikling. Tematisk skal det vera ein naturleg samanheng i kurset der studenten gradvis skal verta i stand til å kunna setja eigen stad og denne sine ressursar inn i ei utviklings- og framtidorientert ramme.

Det skal elles leggjast til rette for at lokale og regionale erfaringar frå Hordaland og komparative erfaringar frå andre stader i landet eller frå andre land kan drøftast med basis i kunnskapen som vert formidla gjennom kurset. Dette samspelet mellom teori og relevant praksis/erfaring vil og bli lagt inn i eksamensform.

Både dømebruk, undervisnings- og eksamensform skal skreddarsyast for å gje størst mogleg relevans og nytte for studentane.

Fagleg utgangspunkt for kurset: det å kunna ta aktive grep for å forma den positive framtida

Me lever i ei tid med store handlingsrom, både på individuelt og kollektivt nivå. Dette gjeld og i lokalsamfunnet vårt. Samstundes kan handlingsrom berre gå frå å vera potensielle til faktiske dersom dei vert identifiserte og/eller gripne. Utviklingsarbeid handlar om aktive grep for å utvikla framtdsrom for lokalsamfunnet. Det motsette, passivitet, vil i ei globaliserande tid oftast medføra at me i aukande grad vert påverka av straumdrag og uttrykk som er utforma i sosiale og kulturelle miljø som liknar lite på våre og som difor i liten grad har rom for våre stadlege verdiar.

I dette spenningsfeltet mellom *det å verdiskapa versus det å bli verdiskapt*³ vil framtida for mange lokalsamfunn i Hordaland bli definert. Positiv utvikling for mitt lokalsamfunn handlar om aktiv handling i notid – handling for å sikra at staden sin kunnskap, natur og kultur får nye uttrykk, uttrykk som kan skapa brei interesse, engasjement og deltaking.

Lokalsamfunnsutvikling handlar difor om å kunna finna rom i samtid og framtid for vår stad og denne sitt mangfelte verdigrunnlag. Samstundes er det å kunna sjå med nye øye på eige ressursgrunnlag – og å kunna utvikla dette saman i aktørfellesskap og nettverk – svært kunnskapskrevjande.

I Fagkurs i samfunnsentreprenørskap vil me gje ei grunnleggjande innføring i teoriar, metodar og strategiar for korleis potensielt effektive og vellukka lokalutviklingsprosjekt kan etablerast. Kurset utgjer 10 studiepoeng og er delt i tre ulike men likevel overlappande emne. Kvart emne vil bli grundig presentert på ei samling over to dagar. Samla tid for undervisning og kollektiv drøfting utgjer 42 skuletimar.

Oversyn over samlingar/emne:

1. Ressursgrunnlaget. Dato: 11 – 12.02. 2013.

- Kva er lokalsamfunnet sitt ressursgrunnlag, og korleis identifiserer me dette?
- Korleis utviklar me ressursane våre vidare i samsvar med relevante opningar i samtida?

Under dette emnet vil studentane bli kjende med ulike typar metodiske/strategiske tilnærmingar til det å kunna få auga på og identifisera lokale ressursar (naturlege, sosiale, kulturelle). Sentralt står kulturøkonomiske og fellesskapsorienterte tilnærmingar (utvikla av Dag Jørund Lønning gjennom 15 års arbeid med lokalsamfunnsutvikling).

Formidlingsteknikkar for det lokale ressursgrunnlaget – m.a. interpretasjon – vil og bli introduserte.

Dette emnet vil og gje ei grunninnføring i forholdet mellom det lokale og det globale og korleis lokalsamfunnet kan gjera seg nytte av sentrale straumdrag i tida.

Emnet er bygd rundt 10 timar undervisning og 4 timar diskusjon/gruppearbeid.

2. Det nyskapande lokalsamfunnet. Dato: 04 – 05.03. 2013.

- Kva er kreativitet og nyskaping og korleis kan slike prosessar identifiserast og støttast?
- Kva kjenneteiknar eit nyskapande lokalsamfunn?
- Kva er fellesskaping og korleis går me fram for å få breiast mogleg lokal mobilisering og medverknad?

Under dette emnet vil studenten/kursdeltakaren få kunnskap om kva som motiverer til nyskaping basert på lokalsamfunnet sine felles resursar – og korleis slike prosessar mest

³ Sjå Lønning, Dag Jørund: *Å verdiskapa eller bli verdiskapt?* Kronikk Bergens Tidende 06.02.11

effektivt kan støttast. Korleis kan me etablera lokale system som fangar opp nyskaparar og eldsjeler og trekkjer desse med i prosessar som kan koma alle til gode?

Det vil bli spesielt lagt vekt på å formidla modellar og strategiar for effektiv og brei lokal mobilisering rundt felles tema – modellar som har vore prøvd ut i mange ulike lokalsamfunn over lengre tid. Studentane vil og få ei innføring i såkalla ”ressursbasert lokalsamfunnsutvikling”, utvikla m.a. av Rhys Evans gjennom arbeid i Skottland, Wales og England.

Emnet er bygd rundt 10 timer undervisning og 4 timer diskusjon/gruppearbeid.

3. Aktørar og prosessar i lokalsamfunnsutvikling med spesiell vekt på kommunen som utviklingsaktør. Dato: 15 – 16.04, 2013.

- Kven er naudsynte og/eller moglege aktørar i vellukka lokale utviklingsprosjekt?
- Kva rolle kan kommunen spela som utviklingsaktør og/eller eventuell igangsetjar/motivator?
- Korleis planleggja og etablira ein økonomisk, sosialt og kulturelt berekraftig utviklingsprosess?

Dette emnet handlar om aktørar, verkemiddel og prosessar i lokalsamfunnsplanlegging. Kva er det mest fruktbare samspelet mellom kommune og andre lokale aktørar? Kva rom gjev distrikts- og regionalpolitikk for kommunal involvering? Ulike empiriske døme på aktiv communal involvering vil bli drøfta. Ein vil og gå tett inn på det å etablira ein lokalsamfunnsutviklingsprosess – på suksesskriteriar, prosjektleiarrolle og modellar for mobilisering og medverknad.

Emnet er bygd rundt 10 timer undervisning og 4 timer diskusjon/gruppearbeid.

Elektronisk læringsplattform

Det vil bli etablert ein eigen elektronisk læringsplattform for kurset gjennom HLB sitt moodle-baserte system. Her vil det bli lagt ut relevant læringsmateriell og vera rom for fagleg diskusjon og utdjuping og drøfting av relevante døme.

Omfang

Kurset gjev 10 studiepoeng og består av om lag 42 undervisningstimar, rettleiing og gjennomføring av skriftleg eksamen.

Opptak

Opptak skjer på basis av studiekompetanse eller realkompetanse. I høve sistnemnde opptaksform praktiserer HLB eit offentleg godkjent system der det kan søkjast opptak tufta på

realkompetanse etter fylte 25 år. Praksis innanfor verkemiddelapparat eller liknande vil kunna gje opptak i dette tilfellet.

Søknad om opptak vert skriven på søknadsskjema som ligg ute på HLB sine nettsider.

Evaluering/eksamen

Eksamens består av ei skriftleg heimeoppgåve der studentane – i grupper – skal nytta kursmateriellet i ei drøftinga av eit pågående eller tenkt lokalsamfunnsutviklingsprosjekt i eigen kommune.

Det vert gjeve bokstavkarakterar frå A til E (F er stryk).

Innlevering av oppgåve innan 16.05.2013.

Presentasjon av oppgåver m karaktergjeving: 30.05, 2013.

Kursprov

Studentane får formelle kursbevis på gjennomført Fagkurs i samfunnsentreprenørskap. Kursbevis er påført tal studiepoeng, eksamensresultat og logo frå HLB. Kursbevis er underskrive av HLB sin rektor.

Eventuelle kursdeltakrar utan rett til opptak (studiekompetanse eller realkompetanse) vil få eige prov på gjennomført fagkurs utan påskrift om eksamen og studiepoeng.

Pensum

Pensum er på 652 sider om lag normalen for eit kurs på 10 studiepoeng. Pensum består av lærebøker (B) samt artiklar sette inn i eit kompendium (K) spesielt utvikla for dette kurset.

Kompendium og hovudbok (Lønning 2011) kan kjøpast gjennom HLB. Det same kan HLB sine rapportar. Dette blir delt ut på første samling.

Pensum består av følgjande litteratur:

Amdam, Roar 2011: Planlegging og prosessleiing. Korleis lykkast i utviklingsarbeid? Oslo: Samlaget. Kapitla 6, 10 og 11. 37 s. **K**.

Borch, Odd Jarl og Anniken Førde (red) 2010: *Innovative bygdemiljø. Ildsjeler og nyskapingsarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget. Kapitla 1, 2, 4, 6 og 8. 69 s **B**.

Evans, Rhys 2007: Asset-based Rural Community Development – putting the „rural“ into ABCD in the UK. *University of the West of England, Department of Geography seminar series*. 9s - **K**

Høyvik, Eli-Grete 2004: Interpretasjonsplanlegging – om å foredle skattane i Bygde-Noreg. I Roar Amdam og Oddbjørn Bukve (red.): *Den regionalpolitiske regimeskiftet – tilfellet Noreg*. Tapir akademisk forlag. 17 s - **K**

Lønning, Dag Jørund, 2011: Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap. Ål: Boksmia forlag - 280 s – **B**

Lønning, Dag Jørund, 2003: *Den norske Bygda og Den Store Verda. Om lokal utvikling i ei global tid.* Bø: Telemarksforskning. 100 s - **K**

Lønning, Dag Jørund og Rhys Evans 2010: *Fellesskapsturisme. Reiseliv som kjelde til lokal utvikling. Dømet Ringholmen på Nordmøre.* HLB Rapport 1, 2010. 60 s – **B** (finst også elektronisk)

Lønning, Dag Jørund, Johan Barstad og Rhys Evans 2012: *Tilflyttarar til utkant-Noreg?* *Tilflyttingsbygda Finnøy viser veg.* HLB Rapport 2. 80 s. – **B** (finst også elektronisk)

Støttelitteratur (finst elektronisk, og kan lastast ned gratis):

Lønning, Dag Jørund og Håvard Teigen 2010: *Kunnskap for lokal medverknad og mobilisering. Utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999 – 2009.* Steinkjer: Det norske kompetansesenteret for distriktsutvikling. Også utgjeve gjennom Nordlandsforskning: http://www.nforsk.no/files/Notater%202009/Notat_1014_09.pdf 14 s

Lønning, Dag Jørund og Håvard Teigen 2010: *Omdømmebygging. Ein kunnskapsstudie av utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999 – 2009.* Steinkjer: Det norske kompetansesenteret for distriktsutvikling. Også utgjeve gjennom Nordlandsforskning: http://www.nforsk.no/files/Notater%202009/Notat_1014_09.pdf 12 s

Lønning, Dag Jørund og Håvard Teigen 2010: *Kunnskap for stadutvikling. Utviklingsrelevante norske bidrag i perioden 1999 – 2009.* Steinkjer: Det norske kompetansesenteret for distriktsutvikling. Også utgjeve gjennom Nordlandsforskning: http://www.nforsk.no/files/Notater%202009/Notat_1015_09.pdf 12 s

Lønning, Dag Jørund og Håvard Teigen 2010: *Tilflytting til småstader og distrikt. Kva tiltak verkar? Ein kunnskapsstudie av utviklingsrelevante norske bidrag frå perioden 1999 – 2009.* Steinkjer: Det norske kompetansesenteret for distriktsutvikling. Også utgjeve gjennom Nordlandsforskning: http://www.nforsk.no/files/Notater%202009/Notat_1013_09.pdf 16 s